



Arkivnr: 2017/485-38

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne		21.03.2018

### Årsmelding 2017 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland

#### Samandrag

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) skal kvart år legge fram årsmelding for fylkestinget, seinast i juni månad. Dette går fram av regelementet for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne punkt 2. Arbeidsutvalet for rådet har utarbeid tekst til årsmeldinga for 2017.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal som regionalpolitisk pådrivar innanfor sitt ansvarsområde arbeida med overordna politikkutforming for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland.

Rådet har 7 medlemmer oppnemnde av fylkestinget. 3 medlemmer bør veljast mellom medlemmene i kultur- og ressursutvalet, opplærings- og helseutvalet og samferdselsutvalet med ein frå kvart utval. 4 medlemmer vert valde etter forslag frå organisasjonane som representerer menneske med nedsett funksjonsevne. Fylkestinget vel leiar og nestleiar. Rådet vert vald for den fylkeskommunale valperioden. Rådet og arbeidsutvalet har seks ordinære møter kvart år.

I årsmeldinga for 2017 har vert det gitt ei orientering om arbeidet og oppgåvene til rådet for 2017. Nokre av desse sakene gjeld Universell Utforming. I årsmeldinga vert det og gjort greie for temadagen som rådet arrangerte for dei kommunale råda og Landskonferansen for fylkesråd for funksjonshemma i Stavanger, som RMNF var med og arrangerer. Det vert og gjeve ein kort oversikt over høyringar der rådet har uttala seg.

#### Forslag til innstilling

Årsmelding 2017 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert vedteke slik den ligg føre.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Vedlegg

1 Årsmelding 2017 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland